

## Søknad om midlar frå den kulturelle spaserstokken – Voss kommune

*Bakgrunnsinformasjon:* Vi ønskjer innleiingsvis å poengtere ein del trekk ved Voss som understreker trøngten for ekstra kunst- og kultursatsing i vår kommune.

*Demografi:* Samanlikna med snittet i landet og Hordaland har Voss vesentleg fleire eldre. 14,1 % av innbuarane i Voss er over 70 år, mot 10,2 i Hordaland, 6,3 % er over 80 år, mot 4,1 % i Hordaland.

*Geografi:* Med totalareal på 1815 km<sup>2</sup> er Voss den største kommunen i Hordaland. Voss har framleis vesentleg meir spreidd busetting enn snittet i Hordaland.

*Mål:* Det formulerte hovudmålet i kommuneplanen for Voss er «Kultur for alle»

Både demografiske og geografiske tilhøve viser at vi står overfor spesielle utfordringar for å nå målet. Tidelte midlar frå den Kulturelle spaserstokken har vore til stor nytte for å nå ut med gode tilbod til dei eldre.

*Organisering av arbeidet med den Kulturelle spaserstokken i Voss.*

Eldrerådet har fått delegert ansvaret for å søkje om og fordele tildelte midlar til den kulturelle spaserstokken.

Grunnlaget for Eldrerådet sitt arbeid er målet for den kulturelle spaserstokken - slik det er presentert av departementet. «...leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst og kulturprosjekt for eldre lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal i hovudsak nyttast til profesjonell kunst og kulturformidling av høg kvalitet ....»

Dei siste åra har Voss søkt om midlar til 3 hovudformål;

1. Årleg eldredag med kulturelle innslag
2. Konsertar i institusjonar/omsorgsbustader
3. Opne skipingar retta inn mot heimebuande eldre

Vårt ønskje er å byggje vidare på skissert modell, ettersom den har vist seg å fungere.

### **DEL I: Årleg Eldredag**

Eldredagen vert gjennomført årleg, kvar haust. Målgruppa er, som namnet indikerer, eldre. Festen vert gjennomført på Hotell med servering av mat. Det er tradisjon for at både ordførar og kommunalsjef for helse – og omsorg har innlegg og deltek på samlinga. Kvart år er det og fleire ulike kulturelle innslag på samlinga. Mellom 150 og 200 eldre deltek på desse samlingane.

Vi søker om tilskot på kr 40.000.- til neste års eldrefest.

Eigendel per person vil inneverande år vere kr 150.-. Det vil og bli søkt om midlar frå lokale sponsorar. (Bankar, forsikringsselskap m.v.)

## **DEL II: Konsertar/forestillingar i instusjonar og omsorgsbustader**

Det vert lagt opp til konsertar/forestillingar på alle dei 4 institusjonane. Det vert og planlagt arrangement i alders- og trygdebustader. Totalt 5 arenaer som følgjer: Voss sjukeheim, Vetleflaten omsorgssenter, Vossestrand omsorgstun, Hagahaugen rehabiliteringssenter og Sosialbygget.

Systemet er at Eldrerådet set inn annonse i lokalavisa med frist for å søkje om midlar.

I 2014 kom det inn søknader frå songare, kunstnarar som ville arrangere kunstutstillingar m.v. på ca 200.000.-. Det er enkelt å rekruttere profesjonelle kunst og kulturformidlarar med god kvalitet.

Vi legg opp til å gjennomføre ca 20 arrangement i 2015 og søker om kr 120.000.- til formålet

## **DEL III: Opne tilskipingar – retta inn mot heimebuande eldre**

Opplegget er slik: Eldrerådet set inn lysing i lokalavisa der alle kan søkje om tilskot til aktivitetar som fell inn under ordninga. Eldrerådet prioriterar aktuelle tiltak innom disponibel budsjetttramme. I 2014 kom det inn søknader om støtte på over kr 200.000.-.

Vi søker om 200.000.- til formålet i 2015.

Oppsummert: Samla vert det søkt om kr 360.000.- i tilskot frå Den kulturelle spaserstokken i 2015. Vi vonar på positiv handsaming av søknaden. Midlane vil bli nytta i samsvar med Stortingets intensjonar.

Eldrerådet har etablert god dialog med Miljø og Kulturavdelinga om disponering av midlane.

Brita Sanden

Magne Vassenden

Leiar av eldrerådet

Sekr. Eldrerådet

Kopi: Einar Hauge, Rådmann, Gunnhild Utkvitne, kommunalsjef miljø og kultur, Radina Trengereid, kommunalsjef helse og omsorg.